

Søknad om statleg bustøtte

- Søknadsfristen er den 25. kvar månad.
- Fyll ut opplysningar som gjeld den 1. i månaden du søker for.
- Du må vere registrert på adressa i folkeregisteret.
- Har du næringsinntekter, må du søkje elektronisk på husbanken.no.
- Treng du hjelp, ta kontakt med kommunen.

Søk elektronisk på
husbanken.no,
det er enklare for deg!

Apply electronically in
English at
husbanken.no!

Personar

1 Namnet og adressa di

Verjer/fullmektigar må leggje ved verjeattest eller fullmakt, adresse og kontaktopplysningar.

Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn	
Gate-/vegnamn	Bustadnr. (t.d. H0101)	Postnummer	Poststad
Telefon	Ditt kontonummer (11 siffer)	<input type="checkbox"/> Bokmål	<input type="checkbox"/> Nynorsk

2 Andre personar som bur i bustaden din

Ektefelle / registrert partner / sambuar		
Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn
Andre i husstanden		
Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn

3 Er nokon i husstanden student? Nei Ja → fyll ut felta under

Ein student er ein person med rett til lån og stipend frå Lånekassen.

Fødselsnummer (11 siffer)	Bur studenten heime hos foreldre? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Deltar studenten i arbeidsretta tiltak? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja

Må dokumenterast, sjå siste side

4 Er nokon i husstanden i militær førstegongsteneste? Nei Ja → fyll ut felta under

Fødselsnummer (11 siffer)	Kor bur den som er i militæret? <input type="checkbox"/> Heime <input type="checkbox"/> På tenestestaden
---------------------------	---

5 Har nokon i husstanden pensjon frå et EU/EØS-land?

Fødselsnummer (11 siffer)	Type pensjon
---------------------------	--------------

Må dokumenterast

Bustad og bukostnader

6 Opplysningar om bustaden

Bur du i ein sjølvstendig bustad med eigen inngang, bad og toalett og er det mogleg å sove, kvile og lage mat der?

Ja Nei

Kor mange rom har bustaden (opphaldsrom/soverom)? Bur du i kollektiv skal du føre opp talet på rom du leiger.

Talet på rom

Er bustaden spesialtilpassa for nokon i husstanden som har funksjonshemming?

Ja Nei

Må dokumenterast

7 Eig du, eller leiger du bustad? (Kryss av eitt alternativ)

Eg leiger

- Leiger privat bustad
- Leiger bustad av kommunen
- Leiger i bukollektiv gjennom kommunen
- Leiger i privat bukollektiv. Da må du også fylle ut skjemaet HB 9.S.08_— Opplysningar om privat bukollektiv. Du finn skjemaet på husbanken.no.

Eg eig

- Burettslag
- Sjølveigd bustad i sameige
- Aksjeleilegheit
- Obligasjonsleilegheit
- Sjølveigd → før opp ev. festeavgift og eigedomsskatt

Festeavgift

Eigedomsskatt

8 Faste bukostnader (ikkje sjølveigd einebustad)

Før opp husleige / felleskostnader per måned

Husleige / fellesutgifter

Må dokumenterast

Er oppvarming inkludert i husleiga / felleskostnadene?

Nei Ja

9 Lån til kjøp, oppføring eller nødvendig utbetring av bustaden (ikkje leigd bustad) Må dokumenterast

Du skal berre føre opp lån som er brukt til kjøp, oppføring eller nødvendig utbetring av bustaden. Dersom delar av bustadlånet er brukt til andre formål, skal du berre føre opp lånebeløpet som er knytta til bustaden. Det same gjeld for lånekostnader (avdrag og renter). Har du startlån eller etableringslån frå kommunen, skal du føre opp det her.

Har du/de kostnader til bustadlån?

Nei → Gå til punkt 11. Ja → Fyll ut felte under

Når kjøpte eller oppførte du/de bustaden?

Kjøpsår/byggeår

Kor mykje kosta bustaden?

Kjøpesum/prosjektkostnader

Kor mykje lånte du/de for å kjøpe eller oppføre bustaden?

Opphavleg lånebeløp

Namn på långivar	Lånebeløp	Utbetalt (månad / år)	Nedbetalingstid (tal på år)	Avdrag og renter (per måned)	Gebyr (per måned)

10 Har du bustadlån i Husbanken? Ta berre med saksnummeret:

Saksnummer (9 siffer)

Meldepliktige inntekter og formue

Du treng ikkje gi oss opplysningar om månadlege inntekter som løn, pensjon og stønader. Desse inntektene hentar vi automatisk inn frå Skatteetaten kvar måned.

Under skal du føre opp kva du trur blir andre skattepliktige inntekter og formue i år for alle over 18 år i husstanden. Du treng ikkje å dokumentere opplysningane. Vi bruker opplysningar frå siste skatteoppgjer hvis du svarer at det ikkje har vore endringar.

Treng du hjelp til å anslå inntektene eller netto formue, bør du kontakte Skatteetaten. Du finn kontaktinformasjon på skatteetaten.no.

Vi innhentiar ikkje inntekt og formue for barn under 18 år. Har nokon i husstanden høg netto formue fordi dei skattar for barn sin formue, kan vi trekke frå barnet sin formue. Da må du fylle ut skjemaet [HB.S.09](#) – Opplysningar om barn sin formue. Du finn det på husbanken.no.

11 Har husstanden sin netto formue endra seg sidan siste skatteoppgjer?

Nei Ja → før opp netto formue for i år

Fødselsnummer	Netto formue i år

Her skal du føre opp netto formue i Noreg og i utlandet per 31. desember.

Netto formue er til dømes bankinnskot og formuesverdien av bustad og bil, minus gjeld.

Er gjelda større enn formuen, er netto formue eit negativt tal.

12 Har husstanden sine kapitalinntekter endra seg sidan siste skatteoppgjer?

Nei Ja → før opp netto kapitalinntekter i år

Fødselsnummer	Kapitalinntekter i år

Her skal du føre opp kva du trur blir netto kapitalinntekter i Noreg og i utlandet i år.

Netto kapitalinntekter er til dømes renteinntekter, utbyte av aksjar, overskot frå sal av bustad eller utleige.

Fribeløpet for kapitalinntekter er 5 000 kroner per person.

13 Har nokon i husstanden næringsinntekt?

Nei Ja → da må du søkje elektronisk på husbanken.no

Dersom nokon i husstanden har inntekt frå næring, må du søkje elektronisk på husbanken.no.

14 Har nokon i husstanden løn eller pensjon fra utlandet?

Nei Ja → før opp brutto inntekt i utlandet i år

Fødselsnummer	Utanlandsk inntekt i år

Her skal du føre opp kva du trur blir brutto-løn, trygd og pensjon i utlandet i år.

Du skal føre opp utanlandske inntekter-sjølv om du ikkje skattar for dei i Noreg.

15 Har nokon i husstanden inntekt frå skattefri utleige?

Nei Ja → før opp månedleg inntekt:

Eg stadfester at opplysningane i skjemaet er riktige og fullstendige

Dato	Søklar si underskrift
<input type="text"/>	<input type="text"/>

Send skjemaet til
bustøttekontoret
i kommunen /
bydelen



Dokumentasjon

- | | | |
|---|-------------------------------|--|
| 3 | Student i arbeidsretta tiltak | Får du arbeidsavklaringspengar (AAP), introduksjonsstønad, uføretrygd eller kvalifiseringsstønad, treng du ikkje å dokumentere. Andre studentar må leggje ved kopi av vedtak eller anna som viser at dei deltar i arbeidsretta tiltak. |
| 5 | Pensjon frå EU/EØS-land | Legg ved dokumentasjon på kva slag type pensjon han/ho får. |
| 6 | Spesialtilpassa bustad | Gjer greie for kva slag tiltak som er gjort for å tilpasse bustaden til nokon i husstanden. |
| 8 | Faste bukostnader | Leigd bustad - kopi av heile leigekontrakten. Er husleiga endra, legg du ved kopi av siste innbetalte husleige.

Eigd bustad / burettslag / aksjeleilegheit – kopi av innbetalt husleige/ felleskostnader.

Einebustad – dokumentasjon på eigendomsskatt og festeavgift. |
| 9 | Bustadlån | Legg ved kopi av nedbetalingsplanen for lånet eller kopi av låneavtale og innbetalte lånekostnader (renter/avdrag). |

Hugs å melde frå om endringar

Du må melde frå dersom

- husstanden sin formue eller meldepliktige inntekter endrar seg vesentleg
- ein eller flerie personer flyttar inn eller ut av bustaden
- du/de flyttar til ein ny bustad (då må du melde flytting til folkeregisteret og søkje på nytt)
- du eller andre i husstanden blir student
- bukostnadene endrar seg

Dersom du ikkje melder frå om endringar, kan for mykje utbetalt bustøtte bli krevd tilbake. Det er straffbart å gi urette opplysningar eller å la vere å gi opplysningar.

Bustøtte og personvern

Husbanken har heimel i bustøttelova til å hente inn opplysningar frå eksterne registre. Vi hentar inn opplysningar om adressa, bustaden, husstanden, inntekta, formuen, type stønad/pensjon og beløp frå ulike registre, mellom anna Skatteetaten, folkeregisteret, NAV og matrikkelen. Dei fleste opplysningane hentar vi inn kvar månad. For å kontrollere at husstanden har fått bustøtte på riktig grunnlag, kan vi og hente inn ulike opplysningar etter at vi har behandla søknaden.

Personar over 18 år i husstanden din, vil få eige brev der vi informerer om at vi hentar inn ulike personopplysningar om dei.

Opplysningar om kor mykje bustøtte du får, kan bli utlevert til andre offentlege organ som kommunen, NAV, Statistisk Sentralbyrå og Skatteetaten, sjølv om bustøtte ikkje er skattepliktig. Alle som behandlar søknaden om bustøtte, følgjer reglane for teieplikt.

Du kan be om å få sjå opplysningane kommunen og Husbanken har registrert om deg, og krevje at vi rettar opplysningar som er feil. Du kan lese meir om Husbankens behandling av personopplysningar og korleis du tar kontakt på husbanken.no.